
Hausten


Kva likar du aller
best med hausten?



Gjennom å arbeide med ulike oppgåver skal vi førebu oss på ei skriveoppgåve der hausten er tema.



Finn inspirasjon til skriveoppgåva ved å gå ut i naturen. Bruk mobilen som kamera, og fang augneblinkane rundt deg.



I oppgåva skal du øve på å bruke språklege bilete som litterært verkemiddel. Kva kan du om språklege bilete frå før?



# Språklege bilete

# Språklege bilete

Når du overfører eigenskapar ved ein ting / eit fenomen for å betre skildre eit anna.

Vi må skjøne den overførte tydinga av ordet/omgrepet, og kan ikkje tolke dei språklege bileta bokstaveleg.


Vi er ei
engleklasse!

Eigenskapar ved englane vert førte over på elevane i klassa.

Vi må tolke utsegna “Vi er ei engleklasse” i *overført* tyding.







# Kvifor kan det vere vanskeleg for små born å skjøne språklege bilete?


Ikkje ta alt
for god fisk!

Vi bruker språklege bilete kvar dag, men vi tenkjer ofte ikkje over det.

**Biletrebus om språklege bilete:** Kva slags ord/ordtak viser bileta til?







på





på



**Om de har tid:** Lag eigne rebus-oppgåver som har språklege bilete som tema.




=

Det var heilt  ! =

 +  =

# Kva slags eigenskapar/kjennetrekk har desse dyra, og korleis vert dei brukte til å omtale menneske?








Kvifor er løva brukt som symbol i det norske riksvåpenet, trur de?

Kva slags dyr hadde *ikkje* passa som symbol i riksvåpenet, og kvifor?



# Miniframføring om språklege bilete



# Språklege bilete



- Symbol
- Personifikasjon
- Besjeling
- Samanlikning
- Metafor

# Miniframføring om språklege bilete

**Oppdrag:** Kvar elevgruppe får tildelt kvar sin underkategori av språklege bilete som dei skal presentere for resten av klassa. I presentasjonen må gruppa:

- *Forklare grundig kva symbol/besjeling/personifikasjon/samanlikning/metafor viser til*
- *Vise minst fire døme som illustrerer omgrepet*
- *Flette inn bilete som illustrerer omgrepet eller døma*
- *Lage eit spørsmål til klassa som dei stiller etter presentasjonen*

*Les meir om språklege bilete på norsksidene.no.*

*Språklege bilete kan gjere språket rikare og meir nyansert*



Les diktet «Haust» av Ruth Lillegraven, og leit etter døme på ulike språklege bilete. Kva finn de?

Kvifor har forfattaren valt å ordleggje seg slik, trur de?



# Språkleg refleksjon

Ta utgangspunkt i diktet «Haust».

Kva slags ord vert skrivne annleis på bokmål?

**To og to saman:** Skriv opp alle dei nynorske orda de kjem på, som har ein diftong i seg. Kva slags elevpar går av med sigeren?

Før du får presentert sjølve skriveoppgåva, skal du øve deg litt på å lage språklege bilete. Arbeid gjerne saman i par.

# 1. To og to saman:

*Skriv ned ting/fenomen som er gule/raude/oransje/brune.*



2. Skriv ned alle orda/assosiasjonane du kjem på som har med haust å gjere.

# *Bruk orda frå den første skriveoppgåva og prøv å kople dei saman med haustorda.*

| **Ord/assosiasjonar som har med haust å gjere** | **Ting/fenomen som er gule/oransje/raude/brune** | **Mogleg språkleg bilete** |
|---|---|---|
| Eple | blod | blodraudt eple |
| Lauv/blad | flammer | flammefarga lauv |
| Bål | sol | bålet, ei sol i natta |



# Skriveoppgåve


Skriv ein lyrisk korttekst der temaet er haust. Bruk språklege bilete som får fram det spesielle med akkurat denne årstida.

# **Tips:** Gjer hausten om til ein person, det kan gjere teksten enklare å skrive

**Kva slags type er han? Eller er det ei ho?**

Glad? Trist? Sint? Vemodig? Tverr? Sur? Mild? Hissig? Snill?

Driftig? Vaken? Arbeidsvillig? Trøytt? Sigen? Lei? Opplagd? Kvikk?

**Er han/ho gammal eller ung?**

**Kva for slags eigenskapar har han/ho?**


Ser han slik ut?

# Eller kanskje slik?



Flett inn bileta du tok då du gjekk på inspirasjonstur i lag med klassa di, og lag ein samansett tekst som du leverer inn.



# Eksempeltekst

Hausten er trøytt,
han gjespar høgt

så det raslar
i lauva på bakken

og trea,
trea sørgjer litt

dei veit om litt

vil dei stå

nakne att

miste alt som skjuler og dekkjer

før alt

vaknar opp att til ny.

JS

# Tips til framføringa

Korleis best formidle den lyriske teksten?

Kva slags rolle speler pausar, intonasjon og trykk når du skal framføre teksten munnleg?




Lukke til med arbeidet!